

# Plan for heim-skulesamarbeid

## Kyrkjebygda oppvekstsenter



Utarbeidd våren 2022 i samarbeid med foreldra sitt arbeidsutval (FAU) ved Kyrkjebygda oppvekstsenter. Er laga som ein del av prosjektsamarbeidet med foreldreutvalet for grunnskulen (FUG). Vert gjeldande frå og med skuleåret 2022-2023. Evaluerast juni 2023.

For FAU: Ann Iren Dale, Julia Thorgrimsen Volline, Jan Tore Nes og Tor Arild Homleid

## Kvifor har me ein plan for heim-skulesamarbeid?

### Kva er eit godt foreldresamarbeid for foreldra?

Dette svara foreldra (foreldremøtet 19.5.2022):  
God kommunikasjon, informasjon, lov til å spørje om alt, tillit, at viktige ting blir oppdaga, enkle måtar å ta kontakt på, låg terskel, bruke FB og Visma, god informasjonsflyt, vere inkluderande, god tone med tilsette, gjer ingen ting å ta ein telefon, lett å ta kontakt, gode lyttarar, ta tak i det me kjem med, jamleg info om kva som skjer på skulen.

### Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

### Forskrift til opplæringslova § 20-1. Formålet med foreldresamarbeid

Skolen skal sørgje for samarbeid med heimen. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullførar vidaregåande opplæring.

### Udir-7-2010 om foreldresamarbeidet, kapittel 3

Det er foreldrene som har hovedansvaret for oppdragelsen av barna sine, mens skolen og lærebedriften har ansvaret for opplæringen, herunder faglig innhold, arbeidsmåter og organiseringen av opplæringen og at eleven får et tilfredsstillende utbytte av opplæringen.

Skolen har ansvar for å samarbeide med foreldrene om opplæringen for å skape forståelse for arbeidet som gjøres, og sikre nødvendig oppfølging.

## Kjenneteikn på eit godt heim-skulesamarbeid

- Samarbeidet og dialogen er open, ærleg og basert på ein gjensidig tillit til kvarandre og til at me i lag gjer det beste for eleven og elevane.
- Skulen brukar eit språk, ord og uttrykk som er til å forstå for heimane.
- Skulen kommunisere at heimen alltid kan ta kontakt.
- Takhøgda for tilbakemeldingar skal vere høg både vegar. Fortel eleven om noko som har skjedd på skulen som du stussar over, ta kontakt. Sei til eleven at du vil kontakte skulen for å høyre kva dei tenker eller meiner om saka. Ikkje vent for lenge, det er sjeldan at ting går over heilt av seg sjølv.
- Skulen har hovudansvaret for samarbeidet og er den profesjonelle parten. Likevel er det viktig at foreldra tek sin del og er open for forslag og er med på å finne gode tiltak saman.
- Skulen tek kontakt ved bekymringar kring det sosiale eller faglege som ikkje kan vente til utviklingssamtalane. Skulen tek og kontakt ved praktiske daglegdagse spørsmål og når eleven ikkje møter til 1. time og det ikkje er meldt inn eit fråvær.
- Ein tek fyrst kontakt med den det gjeld.
- Bruk gjerne planen Det gode liv om du søker eller treng meir informasjon om barnehage og skule.

## Dei fyrste og faste møtepunkta

Eit oppvekstsenter sine største styrkar er alle dei treffpunkta som barnehagebarn og elevar, barnehageforeldre og skuleforeldre og tilsette har gjennom eit år.

Dette startar allereie i fyrste barnehageår og held fram til og med siste skuleår.

Ein fullstendig oversikt på dette er vanskeleg å lage, men dette er godt beskrivi i

Plan for overgangar – Frå eldst til yngst. Under er nokre av desse punkta teke med.

- Prøveskuletime for førskulebarna tredjekvar veke, eit samarbeid mellom barnehage og skule.
- Søknad om SFO-plass for nye elevar eller søknad om endring av opphaldstid.
- Innskriving for førskulebarn og føresette, på våren før skulestart. Eiga innkalling kjem.
- Fyrste skuledag med flaggheising, felles fotografering, besøk i klasserommet og eit «miniforeldremøte» mellom 1. klasseforeldra og rektor.
- Felles foreldremøte for 1.-7. trinn om hausten. Rektor og kontaktlærarane deltek. Skulehelsetenesta vert invitert til å delta. Viktig at foreldra får tid til å drøfte FAU-sakar og valt foreldrekontaktar til FAU. Døme på saker: Skulemiljø, heim-skulesamarbeid, trafikksikringsplan, skulekvardagen, inkludert lekser, leksehjelp og SFO og liknande. Val av foreldrekontaktar.
- Storforeldremøte (felles for skule og barnehage i kommunen).
- Utviklingssamtalar med halvårsvurdering. Det er sterkt ønskjeleg at eleven skal med. Om det er ting som heimen ønskjer å ta opp utan at eleven er tilstades bør det avtalast eige møte/samtale for dette. Heimen vil få ei tilbakemelding på korleis det går fagleg og sosialt (inkludert orden og åtferd). Den skal og innehalde framovermelding og mål som eleven, heimen og skulen skal arbeide med i tida framover. Tidsbruk 30 minutt.

### Digitalt samarbeid- og informasjonsplattformer:

- Visma appen «Min skole» for føresette, har per no desse funksjonane i bruk: Meldingar, melde fråvær, samtykke og søknad om permisjon (fri

lengre enn to dagar). Om du bruker Visma gjennom ein nettlesar er adressa: <https://skole.visma.com/nissedal> Her finn du veldig mykje informasjon om kva skulen har registrert av personopplysningar, opplysningar knytt til føresette, eventuelle anmerkingar, oversikt over fråvære, søknadsskjema og fakturering for SFO og samtykker med meir. I det daglege er det tilstrekkeleg med appen.

- Skulen nyttar og Showbie, Teams og samhandlingsprogram i Office 365 ([www.office.com](http://www.office.com)) i kommunikasjonen mellom skule og elev og elev-elev. Me nyttar Facebook til å formidle noko av det som skjer i løpet av ein skulekvardag. I tillegg til heimesida til kommunen der du finn mykje informasjon om skule, har me og ei eiga heimeside <http://www.kyrkjebygdaoppvekstsenter.no/> Her finn du mellom anna skulebilete og tekst og bilete frå utvalte turar og aktivitetar i gjennom året.

## Brukarmedverknad

Desse brukarorgana har me ved oppvekstsenteret:

- Elevråd: Alle elevane i 5.-7. klasse utgjer elevrådet. Kvart år vel dei leiar, nestleiar og skrivar. Desse tre representerar elevane i SU og SMU (sjå forklaring lenger ned). Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane og arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal og ha rett til å utale seg om og kome med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.
- Foreldreråd: Alle foreldre/føresette med barn på skulen er medlemmar i foreldrerådet. Rådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Rådet skal vidare arbeide for å skape eit godt samhald mellom

heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

- FAU-foreldra sitt arbeidsutval: Fire foreldre vert velt av foreldrerådet til å «sitte» i FAU. FAU vel sjølv ein leiar, ein nestleiar og ein skrivar. Ein vert vanlegvis velt for to år om gonga. Leiar og nestleiar sit i SU og SMU. To til fire møte årleg. Rektor kallar inn og skriv saksliste i samarbeid med leiar.
- SU-samarbeidsutvalet (i samarbeid med barnehagen): SU er oppvekstsenteret sitt øvste brukarorgan. Består av to elevar frå elevrådet, to foreldre frå FAU, to foreldre frå barnehagen, ein lærar, ein annan tilsett (SFO, reinhald, vaktmeister ol.), ein tilsett frå barnehagen, ein politisk representant frå kommunestyret, ein styrar frå barnehagen og ein representant frå kommunen (rektor). SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. To til fire møter årleg.
- SMU-skulemiljøutvalet (i samarbeid med barnehagen): Likt organisert som SU, men har ein ekstra elev (elevrådsmedlem). SU skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.

### Brukarundersøkingar

Kvar haust deltek alle elevane på 5.-7. trinn på utdanningsdirektoratet sin obligatoriske elevundersøking. Kwart fjerde år deltek i tillegg alle foreldre/føresette og tilsette i tilsvarende brukarundersøkingar. Desse er anonyme og frivillige å delta på, men me håper på så god oppslutning som råd. Neste gong det er ein slik «full» brukarundersøking er hausten 2022.